

# Saksprotokoll

Formannskapet og  
næringsutvalet

13.09.2017

Sak: 82/17

**Tittel:** Saksprotokoll - Kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2029 - planprogram  
offentleg ettersyn

**Arkivsak:** 17/3690

## Behandling:

Formannskapet drøfta saka.

Innspel til endring;

-Det skal leggjast opp til fleire bygdemøte enn oppsett i planen. Ordføraren set opp møteplan.

-Tillegg pkt 1.7.g: Vurdering av innfallsportane til dei viktigaste utfartsområda.

Rådmannen si tilråding, med endring i møte, vart samrøystes vedteken.

## Vedtak:

Formannskapet gjer slikt vedtak

1. Formannskapet sluttar seg til dei tilrådingane rådmannen har kome med når det gjeld framlegg til planprogram for «Kommuneplanen sin arealdel»
2. I medhald av reglane i §11-12 varslar og kunngjer Luster kommune oppstart av arbeidet med kommuneplanen – arealdelen
3. I medhald av reglane i § 11-13 Plan- og bygningslova, vert framlegg til planprogram lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til overordna planfaglege myndigheiter.